



NVE

v/ Håkon Berg Sundet

Sendt på e-post til: nve@nve.no

Kopi på e-post til: hbsu@nve.no

Rosendal Dato 22.06.2023

Høyringsfråsegn (202016892) frå Kvinnherad kommune til revisjonsdokument for Maurangervassdraga

1 Innledning

Kommunane Kvinnherad og Ullensvang fremja ved felles brev datert 14. desember 2020 krav om revisjon av konsesjonsvilkår for reguleringar og overføringar i Maurangervassdraga.

Ved brev 25. april 2022 vedtok NVE å opna for revisjon av vilkåra for fyljande konsesjonar:

- Kgl.res av 18. juli 1969 – Statsregulering av Maurangervassdraga mv.
- Kgl.res av 1. juli 2005 – Overføring av Kvangrevatnet og Markkjelkevatnet for utnyttelse i Jukla og Maranger kraftverk
- Kgl.res av 20. mars 2012 – Overføring av Blådalsvatnet til Juklavatnet med inntak av 5 bekker i Blådalen, Kvitnadalen og Botnane

Statkraft har utarbeida eit revisjonsdokument som er sendt på høyring til 1. juli 2023. Statkraft har i revisjonsdokumentet vurdert kommunane sine krav.

Kort tid etter at revisjonssaka blei formelt opna, sendte Statkraft inn konsesjonssøknad for utbygginga av Mauranger 2 kraftverk mv. Dette har komplisert prosessen, ettersom det er det same vatnet som er omfatta i begge sakene. Kvinnherad kommune meiner at dei to sakene må handsamast i samanheng. Difor viser kommunen innleiingsvis til kommunen sin høyringsuttale i konsesjonssaka (202211253) datert 27. februar 2023 Høyringsuttalane finn de her:

<https://www.nve.no/konsesjon/konsesjonssaker/konsesjonssak?id=8591&type=V>

Denne høyringsuttalen er bygd på innspel frå allmenne interesser i vassdraget, i tillegg til kommunen sine eigne interesser, jf. Kommunen sitt revisjonskrav 10. september 2020 (sak 2020/87). I tillegg til denne fråsegna vil fleire representantar for allmenne interesser i vassdraget gje eigne uttalar.

Kvinnherad kommune vil innleiingsvis understreka at det er heilt sentralt for kommunen å betra situasjonen for fisk i Øyreselva, Austrepollelva og Bondhuselva. Det er ønskeleg å få tilbake sjølvproduserande bestand av laks, i tillegg til å betra vilkåra for bestanden av sjøaure.

Kommunen er difor opptatt av å få sett fast nye vilkår i manøvreringsreglementet som sikrar minstevassføring på desse strekningane.

Nedanfor vil Kvinnherad kommune først gje ein kommentar til rekkefølga i handsaminga av dei to sakene som no går parallelt – dvs. at konsesjonsmyndigheta først må vurdere om det skal fastsetjast nye vilkår i *gjeldande konsesjon* før det er aktuelt å gje løyve til ytterlegare utbygging i *ny konsesjon* (punkt 2). I punkt 3 er det tatt inn nokre generelle kommentarar til kunnskapsgrunnlaget, før krava

blir kommentert i same rekkefølge som i revisjonsdokumentet i punkt 4. I punkt 5 er det tatt inn nokre avsluttande merknadar.

2 Revisjonssaka og konsesjonssaka må handsamast saman

I høyringsbrevet frå NVE datert 21. mars 2023, er det opplyst at Statkraft sin søknad om bygging av Mauranger 2 kraftverk mv. vil bli handsama parallelt med saka om vilkårsrevisjon, og at det vil bli arrangert ei felles synfaring.

Det er difor ikkje tilstrekkeleg at sakene blir handsama parallelt. Dei nye inngrepa det er søkt om konsesjon for, må sjåast i samanheng med allereie gjennomførte utbyggingar og påførte inngrep som er omfatta av denne revisjonssaka. Som det er peika på i punkt 2.1 i høyringsuttalen datert 27. februar 2023, må konsesjonssaka bidra til å gjera noko med skader og ulemper som kjem frå tidlegare utbygging. Det blir viktig at Statkraft mildnar noko av det som var sett som krav etter sist, t.d. opprydding av skrot, gjera fyllingane finare slik at dei fell meir naturleg inn i terrenget. I tillegg vil det vera viktig at dei massedeponia som er planlagt (gjeld Mauranger 2) blir tatt bort innan rimeleg tid slik at dei ikkje blir liggjande i årevis. Dette gjeld spesielt den ved hovudvegen. Noko av massane kan t.d. bli brukt til parkering og møteplassar for bilar på ferdselsvegane som Statkraft eig og som er open for allmenn ferdsel. Dette er noko som også blir spelt inn av andre i denne høyringa.

Det er også på det reine at Mauranger 2 kraftverk vil føra til auka slukeevne og effekt, og dermed også meir effektkøyring. Effektkøyring kan føra til negative konsekvensar for fisk, turisme og friluftsliv. Den nye konsesjonen må difor sikra ei meir skånsam drift av kraftanlegget totalt sett.

Etter kommunen sitt syn må nye konsesjonsvilkår for eksisterande konsesjon bestemast først, før det blir gitt konsesjon for fleire utbyggingar. Dette er nødvendig for å vurdere det samla presset i vassdraget, slik naturmangfaldslova § 10 krev. Denne avgjersla er også viktig ved vurdering av revisjonar og nye konsesjonar. Kommunen viser til side 8 i OEDs retningslinjer for revisjonssaker frå 2012, som slår fast at naturmangfaldslova sine prinsipp i §§ 8-12 også skal leggjast til grunn i handsaminga av den konkrete revisjonssaka. Retningslinjene føreset vidare ei samordning:

«I de tilfeller der en vilkårsrevisjon og et O/U-prosjekt berører samme konsesjon eller konsesjoner, skal NVE søke å behandle revisjonskravene sammen med konsesjonsbehandlingen av O/U-prosjektet.»

Med bakgrunn i dette meiner Kvinnherad kommune at nye miljøvilkår må setjast i revisjonssaka *før* ny konsesjonssøknad blir vurdert. Alternativt må dei to utbyggingane få eit felles vilkårssett.

3 Kunnskapsgrunnlaget

Når det gjeld kunnskapsgrunnlaget i revisjonssaka, er det i revisjonsdokumentet *for det første* vist til rapportar som er utarbeida *før* det blei sett fram krav om vilkårsrevisjon. Desse rapportane har dermed ikkje tatt omsyn til allmenne innspel korkje i revisjonssaka eller i konsesjonssaka.

For det andre har Statkraft vist til KU-utreiinga som blei utarbeida av Sweco Norge AS i samanheng med konsesjonssøknaden for Mauranger 2 kraftverk mv. Denne KU-utreiinga tek utgangspunkt i «null-alternativet som er dagens anlegg utan utbygging», og har dermed heller ikkje tatt høgde for krava som er sett fram i revisjonssaka når det gjeld miljøutfordringane i eksisterande regulering.

Fleire stadar i revisjonsdokumentet skriv Statkraft at dei er «*positive til å utrede kunnskapsgrunnlaget vidare*» både «*i de berørte elvene for å se tiltak som kan bedre forholdene for*

fisk» og «for å legge til rette for en samfunnsøkonomisk nytte/kost vurdering». Kommunen tolkar dette slik at Statkraft sjølv meiner at kunnskapsgrunnlaget er mangelfullt. Det går ikkje fram av revisjonsdokumentet korleis Statkraft har tenkt å få eit godt nok kunnskapsgrunnlag.

Kommunen ønskjer å delta i «bestillinga» av ny kunnskap for å sikra at mandatet til aktuelt firma også får kommunen si «kvalitetssikring»

Kommunen er einig i at det er behov for ei ny oppdatert utgreiing. Slik saka er opplyst, er det kommunen sitt syn at dei påverknadane på miljøet er for dårleg utgreidd. Kommunen saknar og ei samla konsekvensutgreiing av dei to sakene, og kommunen skulle ønska at Statkraft, basert på dei krava som var sett fram i revisjonssaka, hadde føretatt meir målretta undersøkingar.

Som ledd i kommunen si kartlegging av dei samla verknadane av den utbygginga det er søkt om, og krava i revisjonssaka, har kommunen funne det naudsynt å engasjera sakkyndig bistand. Ein av landet sin fremste ekspert på vasskraft, miljøkonsekvensar og -forbetringar, professor Tor Haakon Bakken, NTNU, har i notat datert 13. januar 2023 gitt fylgjande førebels konklusjon:

Kortfattede konklusjoner:

- Konsekvensutredningen er generelt av god kvalitet og avklarar de viktigste miljøkonsekvenser Mauranger 2 trolig vil gi og hvordan disse bør avbøtes
- Konsekvensene virker begrensende i forhold til størrelsen på prosjektet
- Anleggsfasen representerer en risiko for forurensning og tilslamming av vassdragene og krever god overvåkning og gode planer i fall uønskede hendelser skulle oppstå. Kommunene bør understreke viktigheten av dette.
- Endring i magasinifylling er trolig de største negative konsekvensene i en framtidig operativ fase, hvor Svartedalsvatn og Mysevatn vil oppleve lavere vannstand gjennom sommerperioden. Juklavatn vil trolig få en høyere magasin vannstand i samme periode enn i dag. Magasinene vil fortsatt opereres innenfor LRV/HRV.
- Det later til å være noen mangler i analysene av framtidig magasinifylling. Det anbefales å be Statkraft frambringe komplette analyser av alle berørte vann/magasin under alle utvalgte situasjoner (middeluke, middel år, tørre og våte år).
- Mulige prioriteringer:
 - Sikre at akseptable avbøtende tiltak blir iverksatt for de deler av vassdragene som blir berørt av Mauranger 2, hvor de viktigste tiltakene er; i) minstevannføring på alle fraførte elvestrekninger og ii) krav til magasinifylling på tider av året friluftinteressene er viktigst.
 - Ad magasinifylling; dette er potensielt vanskelig/smertefullt å etterkomme for regulant, så kommunene bør vurdere hvilke magasin som er viktig for turisme/landskapsmessige forhold og fisk/fiske.
 - Sikre at miljøutfordringer i anleggsfasen blir håndtert på en ansvarlig måte. I de elvestrekninger avrenning av finstoff kan redusere levevilkårene for fisk, kan man foreslå at «elverestaurering» (for eksempel i Austrepollelva, Øyreselva) uansett gjennomføres når anleggsarbeidet er avsluttet.
 - Foreslå «offsetting», det vil si kompensierende naturrestaurering, for de områdene som er eller blir negativt påvirket av eksisterende Mauranger eller Mauranger 2.
 - Foreslå at det tilrettelegges for økt friluftsliv/turisme i de viktigste delene av vassdragene som leder inn til Folgefonna/de viktigste områdene for besøkende.
 - Goddalsvatnet er en prioritert lokalitet det ønskes en høyere vannstand ved revisjon. Eventuelle justeringer av avløpet fra Goddalsvatnet må sees i sammenheng med behov for vann i Øyreselva.

Videre anbefales at kommunene understreker deres forventning om at en konsesjon til Mauranger 2 ikke vanskeliggjør miljøforbedrende tiltak som kan forventes introdusert gjennom en modernisering av revisjonsvilkårene for Mauranger.

Føremålet med konsekvensutgreiingane er at dei skal gje eit opplyst og kunnskapsbasert grunnlag for dei samla verknadane på miljø og samfunn.

I notatet rår Bakken til vassføringskrava som eit minimum bør vera alminneleg låg vassføring eller den såkalla Q95, men at den helst bør vera basert på økologiske funksjonskrav «*miljøbasert minstevassføring eller miljødesign*». I høyringsuttalen 27. februar 2023 har kommunen i samsvar med dette bedt NVE om å «*pålegge Statkraft å skaffa komplette analyser av alle berørte vatn/magasin under alle utvalgte situasjonar (dvs. middeluke, middel år, tørre og våte år)*» i tråd med tilrådingane frå professor Bakken. Kommunen ber i tillegg at NVE pålegg Statkraft å gjera utgreiingar av minstevassføringar i kombinasjon ved fysiske tiltak i Øyresela og Austrepollelva. Sjå nærare om dette nedanfor under punkt 4.1. Bondhuselva har også mista mykje fisk. Lokalbefolkningen meiner dette har ein samanheng med spyling av sedimentkammeret på breinntaket «Vinduet» Kommunen meiner dette må utreiaast betre og eventuelt finna avbøtande tiltak som grunneigarane kan leva med. Denne elva var, i fylje grunneigarane, tidlegare ei elv rik på fisk og sal av fiskekort var ei god attåtnæring.

Kommunen er opptatt av at når det nå skal setjast vilkår for minst 30 nye år, så må kunnskapen vere oppdatert og grundig for at vilkåra skal bli best mogeleg tilpassa dei overordna omsyna som skal ivaretakast.

4 Til Statkraft sin vurdering av innkomne krav

4.1 Krav knytta til manøvreringsreglementet

4.1.1 Generelt

På vegner av allmenne interesser i vassdraget, er det i revisjonssaka totalt krevd vass-slepp i fem elvestrekningar og restriksjonar i tre magasin.

Rett til å ta opp vilkåra for ein konsesjon fylgjer av vassdragsreguleringslova § 8.

Av forarbeida, Ot.prp. nr. 50 (1991-1992) side 46, går det fram at hovudføremålet med ein revisjon av konsesjonsvilkår i eldre konsesjonar, er å betra miljøtilstanden i regulerte vassdrag ved å modernisera gjeldande vilkår og eventuelt setje nye vilkår for å retta opp miljøskadar og ulemper som har kome til som følge av reguleringa. Det må gjerast ei vurdering, der mellom anna omsynet til konsesjonæren sin økonomi, samfunnsøkonomiske kostnader og kraftproduksjonen blir vekta mot forbetring av miljø, som endringa av vilkåra vil føra til.

Høvet til å ta avgjersler om minstevassføring er særskilt omtalt i proposisjonen på side 47:

«Det kan være aktuelt å pålegge minstevassføringer eller foreta justeringer av tidligere fastsatte minstevassføringer. En må imidlertid være varsom med å fastsette nye skjerpene vilkår om vannslipping. Dette er pålegg som vil kunne medføre store produksjonstap. Skjerpene vilkår om minstevassføring bør derfor kun fastsettes hvor spesielle hensyn tilsier slikt pålegg. Det forutsettes at revisjonen ikke skal medføre vesentlig produksjonstap for konsesjonæren [...]» [Understreket her.]

Det må altså vera «spesielle hensyn» for at det skal kunne bli gitt bestemmelser om minstevassføring i revisjonssaka.

I samanheng med implementeringa av vassdirektivet, uttalte energi- og miljøkomiteen (Innst. S. nr. 131 (2008-2009)) fylgjande om høve til å innføra minstevassføring:

«Komiteen mener at tiltaksplanene som skal utarbeides med utgangspunkt i direktivet, må innlemme revisjoner av vannkraftkonsesjoner. I særdeleshet er det viktig å få til ordentlige miljøforbedringer der det ikke er krav om minstevannføring i dag. [...] Komiteen vil påpeke at det generelt er stort forbedringspotensial på mange plan i gamle vannkraftverk, der potensialet for miljøforbedring kan være stort med bare litt vannslipp.»

Slik det går fram, går Stortinget ut frå at det er *«viktig å få til ordentlige miljøforbedringer der det ikke er krav om minstevannføring i dag»*, og at det ligg føre eit stort potensial for miljøforbetringar med liten verknad for kraftproduksjonen. Uttalen må tolkast både å gjelda restriksjonar i drifta av magasina og ny minstevassføring i vassdraget.

4.1.2 Om verdien av at vassdraget ikkje er eit nasjonalt laksevassdrag, tilhøve til vassforvaltningsplanane mv.

Statkraft har innleiingsvis i revisjonsdokumentet, under samandraget på side 7, peika på at det ikkje er noko nasjonale laksevassdrag innanfor reguleringsområdet. Kommunen forstår uttalelsen slik at Statkraft meiner at dette er av betydning for om, det er høve til å pålegge vilkår, i tilknytning til manøvreringa, eller ikkje.

I OEDs retningslinjer for revisjonssaker frå 2012, er ikkje berre nasjonale laksevassdrag, men også *«andre vassdrag med særlig viktige fiskestammer og betydelige fiskeinteresser»* framheva som revisjonssaker som skal prioriterast. At det ikkje dreiar seg om eit nasjonalt laksevassdrag, har dermed ingen betydning. Eit omsyn som er av verdi for den interesseavveinga som skal gjerast i revisjonssaka, er derimot at villaksen i 2021 blei satt på raudlista til Artsdatabanken som «nært truet», noko som tyer på at lakseinteressene har eit sterkare vern i dag enn kva departementet la til grunn i 2012. Vitenskapeleg råd for lakseforvaltning er klare på at vasskraft – og spesielt manglande minstevassføring og aukande grad av effektkøyning, er ei av hovudgrunnane til den dårlege overlevingsevna til avkommet. Det er av betydning at FN har bestemt at åra 2021-2030 skal vera naturrestaureringen sitt 10 år, og at Norge den 19. desember 2022 slutta seg til den internasjonale naturavtalen som stiller krav om å gjenoppretta natur som allereie har gått tapt. I samsvar med avtalen skal avtalepartane restaurera 30 % av all natur som er delvis øydelagt innan 2030, og vilkårsrevisjonar er då det viktigaste verktøyet Norge har til å restaurere øydelagt natur og forbetre miljøtilstanden i dei regulerte vassdraga.

Statkraft har også i samandraget peika på at det i *«KLDs vannplaner for 2022-2027 som ble godkjent 31.10.2022, er det ingen vannforekomster i vassdraget som er prioritert for tiltak som kan medføre krafttap»*. Kommunen forstår denne uttalen slik at Statkraft meiner at dette er av betydning for kva konsesjonsmyndigheiten kan pålegge i ei revisjonssak.

Kva som er årsaka til at vassdraget blei nedprioritert frå 1.1 til 1.2 i vassforvaltningsplanane, er det gjort reie for i kommunen sitt kravdokument datert 14. desember 2020 på side 2. Der peikar ein på at Maurangervassdraga er av dei vassdraga vassregionmyndigheita har meint bør takast opp til vilkårsrevisjon med krav om minstevassføring og/eller magasinrestriksjonar innanfor planperioden 2016-2021. I vassforvaltningsplanen for denne planperioden står det mellom anna:

«Vassregion Hordaland føreset at NVE tek opp alle konsesjonar som kan reviderast til handsaming når kommunar eller andre ber om det. Dette uavhengig av prioriteringslista.»

Bakgrunnen for at denne setninga ikkje er tatt med i gjeldande vassforvaltningsplan, er nettopp at NVE no har opna revisjonssak.

Då forarbeida til vassdragsreguleringslova blei skrevet (som det er sitert frå over i punkt 4.1 , som det byggjer på, kan det påleggjast både minstevassføring og magasinrestriksjonar i ei revisjonssak), var ikkje vassforskrifta vedtatt. I OED sine retningsliner frå 2012 er det likevel gjort reie for tilhøve mellom vassdirektivet og revisjonsinstituttet (side 7):

«EUs rammedirektiv for vann (vanndirektivet) og vannforskriften er sentrale regelverk som må hensyntas i revisjonsprosessen. De lokale tiltaksanalysene og forvaltningsplanene gir nyttige innspill til prioriteringene av miljøhensyn og hvilke tiltak som bør vurderes i revisjonen. Forvaltningsplanen skal legges til grunn for revisjonen. Revisjon av konsesjonsvilkår vil være et virkemiddel for å forbedre miljøtilstanden. Revisjonsprosessen bør derfor samordnes med arbeidet etter vannforskriften så langt det er mulig og hensiktsmessig [...].»

Det går fram av sitatet over at den omtalte forvaltningsplanen og tiltaksprogrammet som «innspel», noko som underbyggjer og tydeleggjer at korkje planen eller tiltaksprogrammet set avgrensingar for kva myndigheitene kan endre i ei revisjonssak. I kapittel 6 står det vidare:

«Godkjent regional plan vil inngå i grunnlaget for konsesjonsmyndighetens saksbehandling i en revisjonssak. I denne saksbehandlingen vil det bli foretatt ytterligere avklaringer og konkrete vurderinger av fordeler og ulemper ved de enkelte tiltak før endelig beslutning om tiltaksgjennomføring blir tatt. Konsesjonsmyndighetene kan derfor fatte vedtak som ikke er i samsvar med planen. [Understreket her.]»

Det står klart fram at forvaltningsplanen ikkje set avgrensingar for kva konsesjonsmyndigheiten kan gjennomføre i ei revisjonssak. Det at minstevassføring og magasinrestriksjonar ikkje er nemnt som tiltak i planen, er dermed ikkje til hinder for at det i revisjonssaka blir tatt inn avgjerder om dette i konsesjonsvilkåra.

4.1.3 Minstevass-slepp

i) Innledning

Fleire av elvane i Maurangervassdragene er til tider delvis tørrlagt, og det er svært vanskeleg for fisk som kjem tilbake frå fjorden å gå opp og gyte i vassdraget. For Kvinnherad kommune er det difor viktig at det i revisjonssaka blir stadfesta ei mest mogeleg optimal utnytting av dei tilgjengelege vasskraftressursane, kor det blir tatt omsyn til både vasskraftproduksjonen, anna utnytting av vassdraget og naturmiljøet.

Allmenne interesser har sett fram krav om minstevassføring på fleire strekningar. Kommunen vil under framheva særleg to strekningar, dvs. Øyreselva og Austrepollelva, der minstevassføring kan være aktuelt å påleggjast.

Statkraft opplyser å ha nytta Q95 ved vurderinga av vassføringa, ettersom kommunane ikkje har ført opp noko konkret krav om minstevassføring. Kommunen minner om at den ikkje sjølv set på hydrologisk kompetanse, og difor ikkje har kunnskap om kor mykje vatn som må sleppast for at det skal være «godt nok» for fisken. I rapporten til Bakken, er det anbefalt at vassføringskrava bør vera basert på «*økologiske funksjonskrav (miljøtilpassaminstevassføring) eller miljødesign*».

Statkraft har peika på at populasjonen til sjøaure i Øyreselva og Austrepollelva. Elvane er vurdert som «*svært dårlig med stor påvirkning fra både vannkraft og lakselus*». Kommunen vil gjera merksam på at det er iverksatt tiltak for å få bukt med problemet med lakselus, og at Statkraft difor uavhengig av om fisken per i dag er frisk eller ikkje må påleggjast å leggja til rette for at fisken skal kunna gå opp

i vassdraget for å gyta. I Bondhuselva er det også lite fisk samanlikna med før ein byrja med spyling av sedimentkammer ovanfor Bondhusvatnet i fylje lokale folk.

Statkraft har gått igjennom vass-strekningane og gitt sine estimat til kor store krafttap minstevassføring på ulike nivå vil føra til. Det er klart ut frå den gjennomgangen som er gjort at den vassføringa som ville vore best for fisken vil føre til eit stort krafttap. Her er det likevel ikkje snakk om «alt eller ingen ting». Fleire av alternativa gjev klare føremoner for fisken i vassdraget, sjølv om gevinstane naturleg nok er større jo meir vatn det er i vassdraget.

Statkraft har fleire stadar peikt på at relevant «og nødvendig vannmengde er ukjent og bør utredes nærmere». I samsvar med dette, og som ei oppfølging av kommunen sine kommentarar til det mangelfulle kompetansegrunnlaget i punkt 3 over, ber kommunen NVE straks om å pålegge Statkraft å undersøke kva som er årsaka til dei dårlege gytetilhøva på dei ulike strekningane. Vidare ber vi om å føreta flaskehalsanalyser, opp mot miljøbasert vassføring etter miljødesign-metodikk og mønsterpraksis.

- ii) Minstevassføring i Austerpollelva: For kommunen er det viktig at fisken kjem seg opp i gyteområda og at det er nok vatn i elva til at det kan skje. Vi forutset at Statkraft knyter til seg kompetanse som kan sei noko om kvifor fisken ikkje «likar» seg i elva og at fysiske tiltak som kan retta opp situasjonen blir gjort.
- iii) Minstevannføring i Øyreselva: Denne elva har to utløp til sjø. Vi ber om at Statkraft analyserer mogelege tiltak for å få fisk til å gyta i elva. Vi forutset at Statkraft knyter til seg kompetanse som kan sei noko om kvifor fisken ikkje «likar» seg i elva og at fysiske tiltak som kan retta opp situasjonen blir gjort.
- iv) Vi ber vidare om at Statkraft undersøker om utspylinga i «vinduet» kan ha negativ påverknad av nyklekka fiskeyngel i Bondhuselva.

4.1.4 Magasinrestriksjonar

På vegne av allmenne interesser har kommunen fremja krav om magasinrestriksjonar.

Kommunen ønskjer at det blir sett krav om magasinrestriksjonar i sommarperioden av omsyn til landskap, turisme og friluftsliv. Det er mange kjente turiststiar i området, og for kommunen er det særleg viktig at desse ikkje får følgjer av store vasstandsendingar. Regulanten må og bli pålagt å legge til rette for trygg ferdsel i dei områda rundt magasinane kor det ferdast folk.

I rapporten frå professor Bakken, er det peika på at endringar i magasininfylling truleg vil vere dei største negative konsekvensane av ei utbygging av Mauranger 2, kor Svartedalsvatn og Mysevatn vil oppleve lågare vasstand gjennom heile sommarperioden.

I rapporten er det og peika på manglande analyser av framtidig magasininfyllingar, og reist spørsmål om at endringane i magasininfyllingane blir omtala som mindre alvorlege enn dei vil kunne opplevast i landskapet og i tilhøve til bruk av magasinane i sommarperioden. I konsesjonssaka, har kommunen difor bedt NVE i samsvar med tilrådingane frå professor Bakken om å pålegge Statkraft å få fram komplette analysar av alle vatn/magasin som det vedkjem. (under alle utalte situasjonar dvs. middeelveke, middel år, tørre og våte år). Dette stadfestar vi i revisjonssaka.

4.2 Krav knytt til standardvilkåra

I punkt 8.3 har Statkraft kommentert krava som dei meiner bør fyljast opp gjennom standardvilkår for naturforvaltning. Det er vist til at gjennomføring av tiltak og undersøkingar med heimel i standard

naturforvaltningsvilkår for anadrom laksefisk skjer gjennom pålegg frå NVE eller Miljødirektoratet, og at Statsforvaltaren kan gje pålegg for andre artar og tema. Videre vert det uttalt at «Statkraft er positiv til innføring av standard naturforvaltningsvilkår, og at krav følges opp via denne prosessen».

I OEDs retningslinjer om revisjonssaker fra 2012 er det uttrykkelig fastslått at

«Ved samtlige framtidige revisjoner vil de til enhver tid gjeldende standardvilkårene bli innført.»

Standard naturforvaltningsvilkår er viktige rettslege verktøy, som no blir innført i alle revisjonssaker. Dette vil gje dei respektive sektormyndigheiter vid heimel til å pålegge Statkraft å syte for biotopforbetrande tiltak. Det er likevel eit viktig poeng at standard naturforvaltningsvilkår ikkje direkte pålegg Statkraft nokon plikter. Ein er avhengig av at sektormyndigheiten fylgjer opp og formulerar konkrete krav. Slike standardvilkår har difor sin viktigaste funksjon mellom dei enkelte revisjonsintervalla. Dersom dei likevel vert nytta som middel til å redusere omfanget av revisjonsprosessen, undergrev dei revisjonsinstituttet og det miljøforbedringsreidskap revisjonen er meint å vera. Særleg uheldig blir dette fordi spørsmål knytta til vassføringa, minstevassføring, drift av magasin mv. er halde unna frå sektormyndigheitene sine vurderingar. Denne kjernen i einkvar vassdragsregulering må det takast stilling til, som ledd i revisjonsprosessen.

I departementet sine retningslinjer er det lagt til grunn at revisjonen skal vera «en helhetlig tilnærming» ved å sjå heile vassdraget og dei samla verknadane av reguleringa under eit. Ved å visa til ei rekke tema til vurdering og avgjersle gjennom bruk av standardvilkåra, vil konsesjonen sin samla påverknad delast opp i enkelttema og til behandling hos ulike sektormyndigheiter.

Ei betre løysning vil vere å føreta ei samla vurdering av dei hydrologiske og dei fysiske verkemidla slik at behovet for minstevassføring blir sett i samanheng med moglege fysiske tilretteleggingstiltak i vassdraget, jf. ovenfor under punkt 4.1.3.

Statkraft har i punkt 8.3 peika på at dagens vilkår allereie heimlar fleire av krava. Kommunen finn det noko underleg at Statkraft då ikkje samstundes gjer greie for korleis dei har tenkt å fylja opp krava som allereie er heimla i gjeldande konsesjon.

Det skulle vore unødvendig for ålmenta å måtta sei frå at tipper frå anleggstida framleis ikkje er rydda. Så seint som i 2019 og 2021 har det pågått opprydding og arronderingsarbeid i høve anleggstippene (se revisjonsdokumentet punkt 7.5). Videre skriver Statkraft at «Rester etter gammel anleggslinje ligger fortsatt igjen i terrenget mellom Svartedalsvatn og Midtra Kvinadalsvatn. Dette er registrert i vårt vedlikeholdssystem og er planlagt fjernet».

Etter kommunen sitt syn underbygger dette at krav som er sett fram i revisjonssaka må takast inn i konsesjonen som konkrete vilkår, slik at konsesjonsmyndigheta har den naudsynte heimel til å fylje opp vilkåra umiddelbart – i form av tvangsmulkt mv. – dersom vilkåra ikkje blir fulgt opp eller brote.

5 Avsluttende bemerkninger

Kommunen er tilfreds med at revisjonsdokumentet no ligg føre. Kommunen meina at dokumentet er mangelfullt på ein del viktige punkt. Statkraft rår til fleire stadar at kravet/krava blir fulgt opp «utenom vilkårsrevisjonen», og har difor ikkje kommentert krava nærare. Statkraft har ikkje føreslått nokon tiltak for å avbøte dei skadar og ulemper som er skildra, eller kommentert korleis krava vil bli fylgt opp vidare.

Statkraft har på fleire punkt uttalt at kravet «ikke er relevant» i revisjonssaka, men at dei er villige til å gå i dialog med dei som har private interesser. I møtet 9. mai opplyste Statkraft at dette er krav dei kan

ta tak i uavhengig av revisjonssaka. Kommunen forventar difor at Statkraft raskt tar kontakt med desse partane.

Dei krav som allereie fylgjer av konsesjonar eller lovverk, jf. punkt 4 over, ber kommunen om at Statkraft følger opp snarest mogleg i samråd med kommunen.

For at resultatet av revisjonssaka skal bli tilfredsstillande, er det naudsynt med tett oppfølging frå NVE, Statkraft, kommunen og allmenne interesser.

Vedlegg: Viser til høyringsuttalen frå Kvinnherad kommune og vedlegg til høyringsuttalen som er sendt til Mauranger 2:

<https://www.nve.no/konsesjon/konsesjonssaker/konsesjonssak?id=8842&type=V-1>